

**Fra:** Lise Fauskanger Ådlandsvik (Lise.Fauskanger.Adlandsvik@hfk.no)

**Sendt:** 31.03.2016 13:08:15

**Til:** Bente Utne

**Kopi:**

**Emne:** VS: 15/243097-4 - Stenging av fv. 344 ved rasfare

**Vedlegg:** Skann\_20160307\_135552.pdf

**Fra:** Bergstø Bente [<mailto:bente.bergsto@vegvesen.no>]

**Sendt:** 7. mars 2016 14:25

**Til:** Frøydis Gullbrå

**Kopi:** Finne Olav; 'Eirik Haga'; [willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no](mailto:willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no); Håkon Rasmussen;

Samferdselavdelinga - Postmottak; Atle Kvåle; Vaksdal kommune

**Emne:** [BULK] 15/243097-4 - Stenging av fv. 344 ved rasfare

Hei

Viser til brev sendt 29. februar 2016

Møte som vart halde i mars 2015 var eit resultat av den lang stengeperiode tidlegare på vinteren, samt at bebuarane i område Ekse, Trefall og Gullbrå var ueinige i Statens vegvesen sine vurderingar på å ikkje opna vegen raskare når det har gått skred – og diskutera tiltak som kunne betra tryggleiken mellom Brakestad og Trefall for å halde vegen open når det er fare for skred.

Først må eg presisere at rasfaren er der framleis sjølv om det er gått eit skred. Det er mange døme på at det kjem etterskred grunna svake kantar inn mot ras–løpet, eller ein får ytre påverkningar på snølaget ved at vind legg seg i skavlær og utløyser nye skred.

Som sagt på møte i mars og i brev/e-post korrespondanse tidlegare – *før* ein kan starta oppryddingsarbeidet må Statens vegvesen vurdere sikkerheten til brøyte/ryddemanskapet. Som oftast blir det då bestilt geolog for å gjera den vurderinga. Statens vegvesen kjem ikkje til å fråvika våre krav på det. Risikoen for brøyte/rydde mannskap som skal utføra ein oppryddingsjobben er mykje større fordi dei oppheld seg i det ras–utsette området mykje lengre enn om ein køyre gjennom.

Dersom det er fare for skred, så må me og gjera ei vurderingar på om vegen *må stengast*, noko som bebuarane ikkje er heilt samde i, då de meiner at lokalkjennskapen er god nok for å vurdera skredfaren.

Statens vegvesen meiner at alternativ som kom opp på møte i mars, *kan brukast for å ikkje stenga vegen heilt*, t.d nattestenging, betre overvakingsutstyr som webkamera og ha godt utbrøyta veg når det er fare for skred.

Dette er noko me meiner at me vurderer når forholda tilseier det. Når det gjeld webkamera, så beklagar med at det ikkje har vore intakt for i slutten på februar i år.

Kritikken mot for därleg informasjonen på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) tar me til oss – og det må me bli betre på. Underteikna har tatt det vidare til VTS og kommunikasjonsavdeling. Vaksdal kommune får beskjed dersom Fv344 blir stengt av lengre varighet.

Me må og beklage at vegen ikkje er blitt stengt i øvre/indre kant av rasfarleg område. Dette blei tatt opp med driftsentreprenøren vinteren 2015, og me kjem til å ta det opp på nytt, i og med at det skjedde igjen 22. febr. i år då det gjekk eit mindre skred i Trefallstaranda. Skrede gjekk kl 0500 22. februar og opna att 1500 23. februar. Fredag 25. februar blei det brukt ei DaisyBell «klokke» – eit nytt våpen som Statens vegvesen, Region vest har skaffa for å spreng ned snø ved skredfare – og kjem til å verta tatt i bruk vidare når vereforholda er tilstade for å nytta slikt utstyr.

Når det gjeld utbetring av Fv 344 for betre framkommeleight og tryggleik vinterstid, er det under arbeid med tanke på kostnad og omfang. Dette er bygdelaget orienterte om. Svar på eit planlagt forslag er lova før sommaren.

Med helsing  
Bente Bergstø

**Seksjon:** Vegseksjon Voss og Hardanger  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Flyplassvegen, VOSS  
**Telofon:** +47 56520218 **Mobil:** +47 95099591 **e-post/Lync:** [bente.bergsto@vegvesen.no](mailto:bente.bergsto@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

**Fra:** Frøydis Gullbrå [<mailto:frogull@online.no>]

**Sendt:** 29. februar 2016 23:33

**Til:** Bergstø Bente <[bente.bergsto@vegvesen.no](mailto:bente.bergsto@vegvesen.no)>; Finne Olav <[olav.finne@vegvesen.no](mailto:olav.finne@vegvesen.no)>; 'Eirik Haga' <[Eirik.Haga@vaksdal.kommune.no](mailto:Eirik.Haga@vaksdal.kommune.no)>; [willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no](mailto:willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no); [hakon.rasmussen@hfk.no](mailto:hakon.rasmussen@hfk.no); [samferdsel@hfk.no](mailto:samferdsel@hfk.no); [atle.kvale@hfk.no](mailto:atle.kvale@hfk.no); Vaksdal kommune <[post@vaksdal.kommune.no](mailto:post@vaksdal.kommune.no)>; Firmapost-Vest <[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)>

**Emne:** Stenging av fylkesveg 344 ved rasfare

Vedlagt er brev frå Eksingedalen Bygdaråd vedkommande sikkerheit i høve stenging av fv 344, Trefallstranda i Eksingedalen ved rasfare.

Me har sett opp nokre enkle punkt som kan betra sikkerheit og informasjonsflyt ved stengt veg.

Håpar de vil ta dykk tid til til å lese - og at de finn tiltaka aktuelle.

Mvh  
 Eksingedalen Bygdaråd  
 V leiar Frøydis Gullbrå  
 Eksingedalsvegen 3511  
 5728 Eidslandet  
[frogull@online.no](mailto:frogull@online.no)  
 56595277 / 90959808